



Aukra Kommune
Oppvekst og kultur
6480 Aukra

Aukra 15.11.2005

Vår ref: 01/00657-15

Saksb: SIG Ark: A1 &00

BARNE- OG FAMILIEDEPARTEMENTET
POSTBOKS 8004 DEP
0030 OSLO

BARNE- OG FAMILIEDEP.	KASS AR.
ARKIVNR.: 330.01	
24 NOV 2005	
SAKSBEH:	SIGN.:
SAKSNR.: 2005/02756	

Svar ang. høring -forslag til forskrifter til ny barnehagelov.

Høringsarbeidet i Aukra kommune har hatt ei arbeidsgruppe bestående av styrarane i dei tre barnehagane i kommunen og pedagogisk konsulent. I møte 15.11.05 vart høyringsforslaget frå departementet drøfta og høyringssvaret er samanfatta av pedagogisk konsulent.

Arbeidsgruppa har gått inn i arbeidet med det for auge at kvalitet, brukarvennlighet og forenkling skal vere gjennomgåande. Både i vidareføringane som er gjort av eksisterande forskrifter og ved utarbeiding av dei nye forskriftene. Aukra kommune har desse kommentarane:

Forskrift om norm for pedagogisk bemanning:

- Med dei endringane som er skissert i forslag til revidert rammeplan bør ein ha ei styrking av pedagogtettleiken i barnehagane.
Ein sterkare vinkling mot skuleførebuande aktivitetar, individuell tilpassing av tilbodet, auka omfang ved at fleire barn og yngre barn som har større tilbod i barnehagen, mangfald og styrka krav til personalet om profesjonell drift, gjer at pedagogane i barnehagen får ei viktigare rolle i barnehagen som vert "ein frivillig del av utdanningsløpet." Auka pedagogtettleik er det same som å auke kvaliteten på barnehagetilbodet. Det vert og vist til OECD rapport i høyringsutkastet som visar at Noreg er det landet med lågast pedagogtettleik i Norden. Dette må vi ta på alvor.

Forskrift om midlertidige og varige dispensasjonar og unntak frå utdanningskravet for styrar og pedagogisk leiar:

- Vi er av den meining at ein skal gi dispensasjon for eitt år om gongen. Barndommen si betydning for livslang læring, barns rettigheter, og foreldregruppa sine krav og forventningar til barnehagepersonalet sin kompetanse talar for dette. Pedagogtilgongen kan variere, det kan vere årlege variasjonar lokalt, men ein kan ikkje binde seg til to år og kanskje miste den førskolelæraren til andre kommunar fordi ein har gitt dispensasjon for to år.
- Varig dispensasjon bør vere av dei sjeldne fenomena i barnehagen. Fokus på at ein må betre tilgong på førskolelærarar og snart full barnehagedekning talar for at dette kjem ein ikkje til å få bruk for og at det difor er best teneleg i dei aller fleste tilfella å gi midlertidig dispensasjon.
- Det er sjølvsagt at ein stiller relevante vilkår ved innvilging av dispensasjon. For eksempel på vilkår er vegleing av personen som får dispensasjon.
- At samarbeidsutvalet skal uttale seg m det skal givast dispensasjon er positivt og i tråd med dei utvida rettane som både barn og foreldre etter kvart har til medverknad.

Forskrift om saksbehandlingsreglar for opptak i barnehage:

- Positivt at denne skal gjelde alle verksemdar som omfattast av barnehagelova. Det forenkler samordna opptak mellom kommunale og private barnehagar.
- At kriterie for opptak må vere objektive og skal kunne etterprøvast er ein forutsetnad for forsvarleg og effektiv opptaksprosess. At kvar barnehage skal vedtektsfeste opptakskriteria er positivt. At ein i tillegg kan ha kriterie for samansetting av gruppa vedtektsfesta er etter vårt syn bra fordi det er avhengig av barnehagetype og søkjarmasse korleis ein får gode grupper.
- Usikker på kva departementet meiner under § 3 tredje ledd "Ved supplerende opptak i løpet av barnehageåret skal først søkere fra ventelisten tilbys plass...." Betyr dette at ein i supplerande opptak i løpet av året først skal ta av den ventelista som ein fekk etter hovudopptak? Nummerert venteliste? Kva då med søkjarar som er komne til etterkvart? Stiller dei seg i køa? Kva gjer ein dersom desse har alder, kjønn eller har søkt på tilbod som ein har behov for og som ein ikkje finn i ventelista frå hovudopptaket?

Forskrift om familiebarnehagar:

- Aukra kommune stiller seg bak forslag til forskrift om familiebarnehagar.

Forskrift om foreldrebetaling i barnehagar:

- I dei barnehagar kor ein ønskjer at foreldrebetalinga skal vere høgare enn maksimalgrensa for bestemte tenester, for eksempel måltid, bør dette etter vår meining vere vedtektsfesta. Ikkje beløpet, men at ein tek ekstra betalt, for kva for teneste og korleis denne summen vert fastsett og av kven.

Forskrift om politiattest:

- Aukra kommune stiller seg bak forslag til forskrift om politiattest.

Forskrift om føring av register til bruk i samband med kontroll av berekning og utbetaling av kontantstøtte:

- Aukra kommune stiller seg bak forslag til forskrift om føring av register til bruk i samband med kontroll av berekning og utbetaling av kontantstøtte.

Forskrift om overgangsregler:

- Ingen kommentarer.

Med helsing



Sissel Oliv Garseth
Pedagogisk konsulent
Aukra kommune